

Aktiv desember i musikklaget.

30.12.2016



Uskedal musikkensemble under julekonserten i Uskedal kyrkje.

Veteranane i Uskedal musikkensemble kan sjå tilbake på ein aktiv julemånad. Heile 7 gonger har gjengen opptrødd i desember. Det meste har dreia seg om julespelingar, men laget har også hatt glede av å spela i 80-årsdagane til to svært markante musikarar i musikkhistorien, Bård Ljosnes og Leif Matre.

Spelingane i desember starta andre dagen i månaden under julegrantenninga. Då var som alltid, korpset med. Dagen etter heldt det fram med speling i 80-årsdagen til tidlegare dirigent og musikar, æresmedlem Bård Ljosnes, før turen gjekk vidare til Omvikdalen og speling på julearrangement der. Som alltid deltok korpset på julekonserten i kyrkja, og like sjølv sagt var det at dei spela på juletrefesten i Vonheim slik tradisjonen har vore på dei tretti siste juletrefestane der.

Tre dagar før julaftan var det igjen klart for ei speling i kyrkja. Då opptrødde korpset saman med songaren Lina Håland som ei innramming av føredraget til Jørn Øyrehaugen Sunde. I kveld var det klart for siste speling i 2016 då musikaren Leif Matre feira 80-årsdag i Dønhaugkjellaren. Ei kjekk avrunding på ein fin og aktiv månad i laget.

Uskedal musikkensemble er ein flott gjeng der det er god plass til fleire. Det er berre å koma på øving i skulen på tirsdagar mellom kl.20 og 21.30, eller ta kontakt med einkvan i laget. Første øvingsdag i 2016 er 3.januar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Hans Ordin Østebø